



Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/852 - 19/128

Saksbehandlar:
Grete Algrøy Herøy
grete.algroy.heroy@radoy.kommune.no

Dato:
03.01.2019

Samarbeidsavtale om frisklivs-lærings- og meistringstilbod

Viser til utsendt saksinformasjon herfrå i mail 30.10.2018 om vidareføring av samarbeidet for frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i kommunane. Tilbodet har vore prosjekt og går no over i fast modell med Radøy kommune som vertskommune og vidareføring i Alver etter 01.01.2020.

Med unntak av to kommunar (Fedje og Masfjorden) har alle kommunane som var med i prosjekttida, gitt positiv tilbakemelding om vidare deltaking. Den økonomiske avrekninga vert justert i forhold til det som kom fram i det utsendte saksgrunnlaget, etter endring i tal deltakarkommunar. Faktura vert sendt ut herfrå i løpet av 1. halvår.

Vedlagt ligg samarbeidsavtale basert på vidare drift på same måte som i prosjekttida, og slik det er beskrive i det utsendte saksgrunnlaget. Dersom nokon av kommunane har aktuelle personar som kan medverke i kursleiinga, så ta gjerne kontakt med ansvarleg leiar for frisklivs-, lærings- og meistringstilbodet Bente Bø Taule, tlf 474 59 725.

Det er utarbeida informasjonsmateriell som blir revidert og sent ut til kommunane med det første.

Underskriven avtale vert å senda attende hit innan 20.januar 2019.

Med helsing

Grete Algrøy Herøy
kommunalsjef helse og omsorg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Hildegunn Færøy
Bente Karin Bø Taule
Bergfrid Tjore
Sveinung Kvamme

Mottakarar:

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Gulen kommune			
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 41	5914	Isdalstø
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Modalen kommune	Postb. 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Rådhusplassen	5282	LONEVÅG

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM KOMMUNANE

LINDÅS, MELAND, RADØY, OSTERØY, GULEN, MODALEN OG AUSTRHEIM OM FAST

FRISKLIVS-, LÆRINGS- OG MEISTRINGSTILBOD FRÅ 01.01.2019

INNLEIING:

Samarbeidsavtalen regulerer ansvar- og oppgåvedeling, fordeling av kostnader og varighet/utmelding av samarbeidet om frisklivs-, lærings- og meistringstilbud i deltakarkommunane.

Bakgrunn for samarbeidet er positive vedtak frå kommunane om vidareføring av frisklivs-, lærings- og meistringstilbudet etter prosjektperiode, som er avslutta pr 31.12.2018. Plikta til å ha eit tilbod ligg i Helse- og omsorgstenesteloven §§ 1-1, 3-2 og 3-1

Radøy kommune ivaretar rolla som ansvarleg kommune, fram til Alver kommune tek over pr. 01.01.2020. Det er sett av 20 % stilling i Radøy kommune som kursleiar for tilbudet.

ØKONOMISK FORDELING TIL DELTAKARKOMMUNANE I 2019:

Kommune	Folketal 01.01.2018	1/3 fast	2/3 folketal	Totalt
1252 Modalen	380	23.286	2 900	26 186
1253 Osterøy	8 125	23.286	61 770	85 056
1256 Meland	8 079	23.286	61 420	84 706
1260 Radøy	5 129	23.286	38 990	62 276
1263 Lindås	15 789	23.286	120 035	143 321
1264 Austrheim	2 902	23.286	22 060	45 344
1411 Gulen	2 345	23.286	17 825	41 111
Totalsum	42 749	162 667	325 333	488 000

OPPSEIING/UTMELDING:

Dersom ein kommune ønskjer å tre ut av samarbeidet i 2020, må dette meldast innan 1.oktober 2019. Om ikkje skriftleg utmelding ligg føre, vert samarbeidet vidareført med kommunane i denne samarbeidsavtalen.

Radøy kommune 03.01.2019

.....

Kommunalsjef Helse og Omsorg

Lindås kommune

.....

Meland kommune

.....

Osterøy kommune

.....

Austrheim kommune

.....

Gulen kommune

.....

Modalen kommune

.....

PLAN FOR OPPGÅVER/DRIFT I 2019:

Informasjon til aktuelle brukarar av frisklivs- , lærings- og meistringstilbodet skal skje ved

- 2 kurs pr. år over 3 månader med oppfølgingsdagar etter 6 månader og eitt år.
- Geografisk fordeling kan vurderast etter heimkommune til deltakarane. Nordhordlandshallen og området rundt er godt eigna. Ein treng god offentleg kommunikasjon, kjøkken og treningstilhøve.
- Målgruppe: Vaksne over 18 år som har eller står i fare for å utvikle sjukdom som diabetes type 2, hjarte-, lunge- og karsjukdom, sjukdom i muskel og skjelettsystemet og overvekt. Eit gruppebasert tilbod med fokus på førebygging og helsefremjing, og korleis leve med langvarig sjukdom eller ulike helseutfordringar.
- Kursa skal gjennomførast vår og haust og gå over 3 månader.
- Kursleiargruppa må vera tverrfagleg, og ha helsepedagogisk kompetanse.
- Deltaking i Lærings- og Meistringsnettverket mellom kommunane og helseforetaket vil halde fram.
- Samarbeid med spesialisthelsetenesta er skissert i Særavtale til Tenesteavtale 2, 6 og 10. Samarbeid om opplæring av pasientar, brukarar og pårørande i eit lærings- og meistringsnettverk.
- Tilbodet er ei helseteneste som krev dokumentasjon i elektronisk pasientjournal. Bruk av kommunane sine journalsystem må vurderast.
- o Lovverk; Lov om behandling av helseopplysninger ved ytelse av helsehjelp (pasientjournalloven)
- o Bruk av data – rapportering og statistikk for tilpassing av tilbodet.